

Jardar Myster
Norafjordvegen 1132
6859 Slinde
G/bnr 81/4 og 14



21 APR 2021

Dokumentsenter

20.03.2021

Sogndal kommune
Plan og samfunn
Postboks 153
6851 Sogndal

MERKNADER TIL REVISJON AV REGULERINGSPLAN GNR. 81 NORNESHAUGANE VEST OG VA-RAMMEPLAN

1. PRIVATRETTSLEGE AVTALAR MÅ INNGÅAST FØR ANDRE GONGS HANDSAMING I PLAN- OG FORVALTNINGSUTVALET

Den føreslegne reguleringsplanen vil få så store konsekvensar for underteikna sine gardbruk 81/4 og 14, at privatrettslege avtalar om tema eg har teke opp nedanfor må på plass med utbyggjarane av 81/10, 75 og 96, før reguleringsplanen vert handsama for andre gong i plan- og forvaltningsutvalet. Viser i denne samanhengen til 1) til mine innspel datert 05.12.2019 sendt arkitektkontoret A38, 2) mine merknader sendt Sogndal kommune datert 12.11.2020 etter vedtaket i plan- og forvaltningsutvalet 24.09.2020, sjå spesifikt punkt 3.1 og 3) dette notatet her. A38 sine planføresegnene datert 26.08.2020 og revisjonen datert 26.02.2021 frå A38 har ikkje tilfredstillande løysingar til mine merknader i saka.

1.1. Nokre tilleggskommentarar til hjortegjerdet

Før reguleringsplanen vert godkjent, må det inngåast avtale med impliserte partar om at drift av hjortegjerdet nord for 81/75 og 81/10, vest av 81/10 og 96 og sør for 81/96 vert praktisert slik det har vore fram til no.

Så lenge 81/4 og 14 vest og sør for reguleringsplanforslaget ikkje vert nytta til utbyggingsføre mål, godtek ikkje underteikna at hjortegjerde i vest og sør vert flytta inn på meg, noko som i praksis vil medføre at 81/4 og 14 må halde friområde for tomtekjøparar på 81/10 og 96. Å få tomtekjøparar til å drifte eit to meter høgt hjortegjerde i utkanten av tomtene sine vil ikkje fungere i praksis.

Konklusjonen på dette er at det vest på 81/10 og 96 og sør på 81/96 vert teke ut av reguleringsplanen eit areal mot 81/4 og 14, slik at eigar av 81/10 og 96 òg i tida framover driftar hjortegjerdet slik det har vore praktisert fram til no.

Dei andre gardbrukarane har òg merknader om hjortegjerdet i samband med revisjon av reguleringsplanen.

2. MERKNADER TIL REGULERINGSPLAN NORNESHAUGANE VEST, REVIDERT 26.02.2021

2.1. Nokre kommentarar til planføresegner Nornes vest, revidert 26.02.2021 av A38

§ 2 Rekkefølgekrav

2.5 Delar av gangvegen o_SGS1 går inn i eit parti av veg nr. 5 Skorsvegen skildra i jordskifte på gnr. 81 Normes tinglese 06.04.1926. Underteikna som eigar av 81/4 og 14 skal òg i framtida ha rett til å bruke Skorsvegen med køyretøy i landbruks- og eventuell utbyggingssamanheng, sjå og mine kommentarar nedanfor.

§ 3 Fellesføresegner

3.7 Viser til mine tidlegare merknader og forslag i samband med utak av skog vest av utbyggingssområdet.

§ 5 Samferdsletiltak og teknisk infrastruktur

5.1 Det må sikrast skriftlege avtalar om at vegane utbyggingssområdet på 81/10, 75 og 96 reelt vert tilgjengelege i samband med bruka til underteikna 81/4 og 14. Planforslaget har ingen garantiar mot at vegsystema i utbyggingssområdet vert privatfinansiert, og dermed ikkje vert tilgjengeleg for drift av underteikna sine bruk.

5.5 Skorsvegen, i planføresegnene nemnt som o_SGS1, må vere open for køyretøy både i landbrukssamanheng og i eventuell utbyggingssamanheng til underteikna sine bruk 81/4 og 14.

§ 6 Grønstruktur

6.2 Er skogsvegen innafor o_GF1 berre for 81/10 eller er det aktuelt at andre koplar seg opp mot han?

6.3 Sjå punkt 1.1.

3. MERKNADER TIL VA-RAMMEPLAN DATERT 25.02.2021, VERSJON 01, AV ASPLAN VIAK

3.1 Spillvatn

81/4 og 14 må ikkje bli forulempa av kloakkvatn frå utbyggingssområdet.

- 1) Figur 23 side 26: Underteikna stiller spørsmål om fallet på avlaupsnettet for dei to tomtarekkene sørvest på utbyggingssområdet på 81/96. Korleis skal dette løysast utan at underteikna får problem med kloakk- og anna avlaupsvatn på 81/14?

3.2 Overflatevatn

- 1) Figur 11 side 16: Gjev ikkje korrekt bilete as vassavrenninga frå utbyggingssområdet og ned til fjorden, sjå nedafor.
- 2) Figur 14 side 19: Vassavrenninga frå sør vestre hjørne av fotballbana til fjorden er feil markert. Så langt eg kjenner til det, går den gamle vatningsgrovi vest av fotballbana nedover mellom anna på 81/10 og renn i fjorden på 81/18.

- 3) Figur 15 side 20: Vassavrenninga frå sør vestre hjørne av fotballbana til fjorden er feil markert. Merknader som for figur 14.
- 4) Figur 16 side 21: Vassavrenninga frå bustadfeltet til riksvegen er feil markert. Dette vatnet går gjennom to stikkrenner i reguleringsvegen og i røyrsystem i Blomsvoll på 81/14 ned til riksvegen.
- 5) Figur 17 side 22: Vassavrenninga frå vestre vendekurve av reguleringsvegen til Normeshaugane, gjennom riksvegen og under riksvegen halvveges ned mot fjorden under riksvegen er feil markert. Dette vatnet renn 1) frå vedekurva på reguleringsvegen til bustadfeltet over 81/14 nord for 81/27, 2) over 81/27, 3) gjennom riksvegen, 4) frå riksvegen på 81/14 og 5) vidare nedover mellom riksvegen halvveges til fjorden vest på 81/4. Som følge av tett stikkrenne i reguleringsvegen og skade på kanalen til Myragrovi på 81/27 renn noko av dette vatnet òg vestover til først 82/1 og lenger ned på 82/14 før det renn austover og inn igjen på 81/4.
- 6) Figur 19 side 23: Vassavrenninga frå sør vestre hjørne av fotballbana til fjorden er feil markert, sjå punkt 2 og 3 ovanfor.
- 7) Figur 20 side 24: Vassavrenninga frå bustadfeltet til riksvegen er feil markert, sjå punkt 4.
- 8) Figur 23 side 26: Stiller spørsmål om fallet på nettet for overflatevatn for dei to tomtarekkene sørvest på utbyggingsområdet på 81/96. Korleis skal dette løysast utan at underteikna får problem med dette vatnet på 81/14?

J. Myster

Jardar Myster